

FITJAR KYRKJEBLAD



NR 5 - DESEMBER 2024
ÅRGANG 47



Det blir ikkje jul utan...



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjeverje

Harald Rydland 913 47 802

hary@fitjar.kommune.no

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069

jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825

olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562

rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335

eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Leiar diakoninemnd:

Annbjörg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978

bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805

VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedfoto: Frå lysmessa 1. desember

Ole Sandvik

Eg fekk nokre spørsmål til eit intervju i juleavisa til Sunnhordland. Det gjekk på forskjellige ting, som tradisjonar, mat, julesongar og korleis jula blir heime og i kyrkja.

Sokneprest Olav J. Oma

Der stod overskrifta som noko eg skulle fylla ut, og eg svarte; Det blir ikkje jul utan pinnekjøtt og gudsteneste!

Det høyrer for så vidt med til mine juletradisjonar, men – det er klart det hadde blitt jul utan både pinnekjøtt og gudsteneste. Det hadde blitt jul utan at eg var førebudd i det heile. Det hadde blitt jul om eg visste det eller ikkje.

Slik var det for dei som opplevde den første jula. Dei visste ikkje eingong at det var det som skjedde. At det var jula som kom. Gjetarane på markene utafør Betlehem. Dei gjorde sine vante ting, heldt fyr i bålet, talde sauer, prøvde å halda seg vakne. Og der stod engelen!

Ingen venta det, ingen trudde på det, men det skjedde og dei vart «levande redde». Engleorda; - Ver ikkje redd! - om barnet som var sveipt og låg i ei krybbe, Frelsaren i stallen – og englesong om fred på jorda og menneske Gud har glede i!

Dette møtet og desse orda sette dei i marsj. Kanskje berre timar etter at barnet vart fødd, kom dei. Gjetarar, forsiktige, skitne, stille og glade, inn i stallen. Det var slik det var fortalt dei, og dei fortalte kva dei hadde opplevd. Maria, den unge mora, gøymde alt i hjarta sitt.

Jul er det som skjer her. Gud som, om vi veit det eller ei, kjem oss nær. Som eit lite barn, som ein vi kan stryka over kinnet og kyssa på panna, ein som let seg halda og kviler i varmen. Jesus er eit smil frå Gud til deg. Han er «ei glede for heile folket».

Det blir jul, same kva, pinnekjøtt og gudsteneste, eller ikkje, men eg håpar at me og i år skal få auga på smilet frå Gud, Jesus.



Redaksjonelt



Streaming av gudstenester i Fitjar kyrkje

Sidan mars 2020 har dei fleste gudstenestene i Fitjar kyrkje blitt sende direkte på nett. Det er eit tilbod som mange har sett stor pris på. Det siste året har me valt å ikkje senda familiegudstenestene, då det har vist seg å vera utfordrande å skjerma born frå eksponering på nett. Vanlegvis blir det no tre gudstenester i månaden som vert sende direkte og er tilgjengelege i nokre timar den dagen.



Den enklaste måten å finna gudstenesta på er å gå til nettsida til Fitjar sokn, <https://www.kyrkja.no/fitjar>, og starta sendinga der.

Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:
Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar
Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag. [Du kan nytta vedlagt giro.](#)

Frist for innlevering til neste blad er 28. mars til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 8. april. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- » Olav J. Oma (red.)
- » Roald Drønen
- » Rolf-Atle Rolfnes
- » Herman Inge Aadland
- » Karvel Strømme
- » Marie Willemsen

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri
Haugalandet

Jul i kyrkja

Julaftan, 24. desember, er det først gudstenester på FBB og Havnahuset på føremiddagen, 11.00 og 11.30

Denne dagen gler vi oss til igjen å høyra om Keisar Augustus, om manntal, om Betlehem, englesong og barnet sveipt og lagt i ei krybbe. Eg gler meg og til å synga «Deilig er jorden».

Det blir gudstenester i kyrkja 14:30 og 16:00 på den første gudstenesta blir skulekorpset med.

Sokneprest Olav J. Oma og kantor Jan Overweg. Denne dagen kan me gje ei gåve til kirkens nødhjelp. Bruk gjerne Vipps 23412, Fitjar kyrkje.

Juledag, 12:00

Dette er ei høgtidsgudsteneste med masse song. Dagen er for mange den finaste i heile jula, då me jublar den store gleda ut; at Gud blir ein av oss. Me jublar saman med kyrkja over heile vår jord.

Fitjar kyrkjekor med fleire deltek saman med sokneprest Olav J. Oma og kantor Jan Overweg. Gåva vår 1. juledag går til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt ved NMS i Mali. Bruk gjerne Vipps 23412, Fitjar kyrkje.

2. Juledag, 19:00

For 5. gang blir det arrangert ungdomsgudstenesta denne dagen. Her er ungdommar med og spelar til songen, les tekstane. Elisabeth Rydland Sæbø blir med og held andakt denne kvelden. Det blir òg nattverd. Johannes Moldestad Oma har sagt ja til å spela, i fjor var ei blåsargruppe saman med han. Kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre er òg med saman med sokneprest Olav J. Oma.

Nyårsaftan, 23:00

Midnattsgudsteneste. Her brukar ungdom frå bedehuset og Tentreff å vera med. Gudstenesta tek slutt i god tid før raketane skal skytast opp ved midnatt. Sokneprest Olav J. Oma.

Nyttårsdag, 12:00

Det er 1. januar, nyttårsdag, 8. dag jul! Dette er Jesu namnedag. Me syng «Navnet Jesus, blekner aldri», og me kjenner at det er sant. Midt i alt som er, er han vårt håp, og med han og kvarandre får vi gå inn i eit nytt år. Kantor Jan Overweg og sokneprest Olav J. Oma.

Takkofferet denne dagen går til Sjømannskirken eller norsk kyrkje i utlandet. Bruk gjerne Vipps 23412, Fitjar kyrkje.



Klangeren av jul

Me møter tidleg, ein halvtime før julekonserten skal starte. Eg er med for å stemme paukene, lytte, går ned og stiller meg under galleriet, for pauker kling lågare ute i rommet enn tett ved. Far min står framme i koret og skrur på dei små dreiehandtaka rundt ytterkantane. Eg er ni år og skal seie frå når det er heilt reint.

Aud Gloppen

Det kjem eit plutseleg kaldt drag rundt anklane, og døra frå våpenhuset slår opp, folk stig inn, vinterkledd. Dei vil sikre seg ein god plass langt framme i kyrkja. Korp-sa gjer seg klare, songarar blar i notemappene sine og galleriet fyllest av elevar med blokkfløyter, urolege gut-ar og litt eldre jenter i foldeskjørt. Alle er spente, nokre alt stive av nervøsitet. Dei var heime hos oss veka som var for å øve, sat tett i tett i sofaen og nokre på golvet. Vil dei no greie å samle seg, hugse kva dei terpa på, skape den særeigne klangeren av tretti blokkfløyter, få den til å flyte ut i rommet, lyden av barokk, av Bach og Telemann, tradisjon og røter. Eg ser ryggen til far min der oppe på galleriet, med løfta armar. Orgelet set an tonen, alle borna trekkjer pusten, og frå no handlar det om tillit, tillit til at dei unge musikantane leverer, gjer det dei skal, vil dette, vil lytte seg inn til kvarandre, samle seg om blokkfløyteklangeren. Det er som å sjøsetje ein båt, ber den kan du setje deg oppi og la deg føre med.

Publikum i benkene let tankane fare, minnest, smiler, kjempar med sitt, kjenner smertepunkta, blir trøysta. Andlet skin, ei uro slepp taket. Her, i det som blir gitt, vil me være. Varmen i kinna i det kjølige rommet, blenkjinga i sølv, messing, levande lys og noko brennande inni oss. Høyr, den runde klangeren i eufoniumen, den spisse esskornetten, bassane djupt der nede, høyr orgelpipene bak blokkfløyteorkesteret og dei stødige sopranane i julemotetten til Alnæs: pris Ham med

Aud Gloppen (1963) er frå Fitjar og bur i Oslo. Far hennar, Karl Gloppen, var dirigent for skulekorpset og fleire kor. Julekonsertane var ei stor hending i familien. Blokkfløyteorkesteret han leia med elevar frå Rimbareid skule var i oppveksten eit fast innslag.

klokker, med pauker og dans, med fløytenes klang. I crescendoen med virvlar og den samlande sluttakkorden er me saman. Og så, det gjallande presise punktumet.

Det er seint når me er heime att, altfor seint til å byrje på nytt. Me burde vore lagde alle fire, dei vaksne óg, men den tunge kassen vert rituelt boren inn frå cortinaen til stovebordet og lydbandopptakaren forsiktig løfta ut. Den har to store rullar på toppen, og med det same far min er skikkeleg innom dørane er spolinga i gang. Me skal tilbake til start. Me sit samla rundt bordet og ventar spent på eit gjenhøyr med det som enno kling i oss. Bandet veks på eine rullen og minskar på den andre, det seier klick i opptakaren i det klokka passerer halv tolv, me er ved byrjinga att. Spolane går rette vegen, det høyrest hosting og harking som ikkje skulle være med på opptaket. Og medan den klåre vinternatta held si hand over huset, gjenopplever me det me nettopp var ein del av, og eg fyllest på nytt av lengten mot det siste forløysande paukeslaget og stilla etterpå.



Måleri: Karl Gloppen



Herman I. Aadland:

Julesalmen min

Dei åra me var prestefolk i sjømannskyrkja på Lanzarote, fekk me god kontakt med folk frå mange land. Det var mykje velvilje å møta, og det økumeniske samarbeidet var varmt og godt. På julaftan fekk me t.d. kvart år låna den katolske kyrkja i Puerto del Carmen til gudstenesta vår. Dette sette me stor pris på! Men me lånte òg ut vår kyrkje til andre. Finnane hadde ikkje eiga kyrkje på øya, og for dei var det ei stor glede å ha si julegudsteneste hos oss. Sjølv om eg knapt forstod eit einaste ord, var det fint berre å få vera observatør i den finske gudstenesta. Det var noko med den gode atmosfæren og det åndelege fellesskapet som vermdde og gav gjenklang.

Eg merka meg blant anna ein finsk salme som rørte forsamlinga og som òg smitta over på ein som ikkje forstod. Heldigvis finst denne salmen også på norsk! Salmen heiter hos oss «Gjev ikkje glans og gull og prakt ved signa juletid!» Forfattar er Zakarias Topelius, og tonen er komponert av Finland sin store komponist, Jean Sibelius. Du finn salmen i salmeboka vår på nr. 57, slik Arve Brunvoll han har forma han på klingande nynorsk:



Ny prost i Sunnhordland

Herman I. Aadland

Det hadde meldt seg fleire søkjarar til stillinga som ny prost i Sunnhordland prosti. Dei fleste av kandidatane er omtykte prestar i Sunnhordland og vel kjende med den kyrkjelege geografien i området. Valet fall på sokneprest Arild Steinsland. Han bur i Førde i Sunnhordland og har gjennom mange år gjort teneste i Sveio, Førde, Valestrand og Eikeland kyrkjelydar. Før det var han prest i Kirkenes.



Me vonar og ber om at han får kraft til og glede i den nye og viktige oppgåva, og me ynskjer han Guds velsigning i liv og teneste. Velkommen til Fitjar, Arild!

Gjev ikkje glans og gull og prakt ved signa juletid!

Zakarias Topelius/Jean Sibelius

Gjev ikkje glans og gull og prakt ved signa juletid!
Gjev meg Guds ære, englevakt og over jorda fred!
Gjev meg den fest som gleder mest,
med kongen, beden hit som gjest!
Gjev ikkje glans og gull og prakt,
gjev meg ei englevakt!

Gjev meg ein heim på Herrens jord, ei gran med barn i ring,
ein kveld i ljøs med Herrens ord og mørker rundt ikring!
Å, gjev meg du at eg kan bu
med samvetsfred, i von og tru!
Gjev meg ein heim på Herrens jord
og ljøs frå Herrens ord!

Til høg og låg, til rik og arm, kom fred i all vår strid!
Kom barneglad, kom hjartevarm i verdsens vintertid!
Du, Herre, som min konge kom!
Du, einast, skifter aldri om.
Til høg og låg, til rik og arm,
kom glad og hjartevarm!



Temakvelder våren 2025



Søndag 26. Januar
Konsert med
Gospelcompagniet



27. februar
Prest og forfattar
Per Anders Nordengen



27. mars
«Påskan og dens symboler»
w/ Trond Borgan
- I kulturhuset

24. april
Konsert med Gunhild Aadland Rolfsnes
og musikarar





Fire me sjødn

Tida me er inne i no er travel for mange. Det skjer så mykje. Mange ulike arrangement, markeringar og avslutningar. Det går i eitt med konsertar av ulik slag, lysmesser, lucia-tog for dei minste, julebord for dei vaksne med meir.

Roald Drønen

I tillegg er det mykje som skal gjerast i heimen. Inne skal det pyntast med stjerner. Det skal pussast støv av englane, juleløparar og -dukar skal fram frå skuffer og kott. For ikkje å snakka om tradisjonell julemat, som fårerull og sylteflesk, som skal lagast. Ute skal huset «stesjast» opp med lys frå kjellar til tak i alle variantar og alle regnbogens fargar.

Eg må vedgå at alle lysa er eit fargerikt skue. Fantasien og kreativiteten er stor. Mange opplever at dette gjer den mørke årstida lysare og lettare.



Olaf Jakob Skram:

1. Har gjort det før. Ikkje no lenger. No er me i denne dataverden. Då er det SMS eller mail.
2. Tidlegare var det i førjulstida baking og alle desse greiene som skulle lagast til før jul; pynting, henting

av juletre osv. Når eg no er åleina, har eg ikkje det behovet lenger. No er førjulstida å besøkja ungane og deira familie. Julekvelden blir litt spesiell sidan det er første jula eg er heilt åleina. Før eg køyrer til ungane på Stord, blir det å få med seg julegudstene-sta på Fitjar.

3. (Etter litt nøling...) Det der er eit forferdeleg vanskeleg spørsmål. Englar er jo med i dei fleste kjente og kjære julesongane. Når ein syng om englane, syng ein om jul og det gode som skjer på julafto. Då har ein relasjon til englar.
4. Det markere eg med å gå i kyrkjo på julegudstene-sta. Når du sit der og høyrer juleevangeliet: Då har eg fått det innforbi. Då er det jul!

Me har møtte nokre personar med sjødn og stilt dei desse spørsmåla:

1. Skriv du framleis julekort med helsingar til familie og vener?
2. Korleis er førjulstida og juletida for deg?
3. Me høyrer om englar i juletida. Kva er ditt forhold til englar?
4. Korleis markerer du jula som ei kristen høgtid?



Lilli-Ann Drønen:

1. Det har minka mykje, men eg skriv til nokre få som bur langt vekke. Det er sikkert blitt sånn fordi me har mobil og er lett tilgjengeleg på SMS o.l.
2. Eg begynner tidleg, for førjulstida er svært travel. I denne tida koser eg meg med julebakst; ikkje sju sortar lenger; kanskje 4-5. Eg sit ved kjøkenbordet og pakkar inn julepre-sangar og høyrer på fin julemusikk, tenner ste-arinlys og har eit krus med varm gløgg. Det er tradisjon hos oss å henta juletre i skogen sjølv.
3. Eg har masse englar og synest at englar høyra jula til. Eg tenkjer at alle har ein engel som pass-ar på dei gjennom livet. Når ein er liten, har ein kanskje ei bestemor e.l. som passar på. Når ein er vaksen, er det godt med tanken på ein engel – englar som Guds sendebod og hjelparar.
4. Julafto må eg gå i kyrkjo og få inn stemninga. Den kjem ikkje før. Juledag er tid for å ha fami-lie og vener rundt seg, med fin musikk. Juledag har alltid for meg vore ein heilag dag. Sjølv om eg har hatt gjestar, er gudsteneste juledag svært viktig å vera med på.




Henny Margrethe Strand:

1. Eg har ikkje onklar og tanter igjen i min familie lenger, så då vert det med meldingar på mobilen til andre.
2. Det er den kjekkaste tida på året. Då kosar eg meg med å baka og pynta.
3. Eg veit ikkje at eg har noko forhold til englar.
4. Eg pyntar jo med julekrubbe, kyrkje - og lys og sånt elles i året.



Jenny Dalen:

1. Det blir sånn med bilete av ungane, sånn som ein lagar sjølv. Dette sender eg til både familie, tanter og onklar og vener.
2. Eg elsker førjulstida. Då går eg rundt med forventningar. Eg likar å pynta. Det er kjekt å ha noko å sjå fram til. Eg elsker å pynta med englar. Det er det finaste eg veit. Eg er også glad i å gå ut i naturen og finna buskar, kristtorn og kongler. Ungane har òg forventningar. Dei likar å vera med, og gler seg til jul.
3. Eg tenkjer at englar er veldig fredelege. Eg er glad i englar. Dei er veldig fine. Dei er trygge og passar på oss.
4. No har me lagd oss ein tradisjon med å gå i kyrkje på julafto. Den synest eg er veldig fin.



Lys Vaken

I år var det 10 gutar som ville vere med på Lys Vaken i midten av november.



Foto: Ole Sandvik





Leir på Solgry

Helga 25.-27. oktober arrangerte Fitjar Indremisjon og Fitjar kyrkje leir på Solgry. Tema på leiren var: «Med Jesus i kvardagen».

T: Ellen Rolfsnes - F: Ole Sandvik

59 flotte folk i alderen 3 til ca 75 år var med. Det var god tid til kaffi og prat, til å bli betre kjent - og til å avdekke funfact hos kvarandre.

Olav og Randi frå kyrkja hadde bibeltime/barneopplegg på laurdag og ei flott gudsteneste søndagen.

Elles var det god tid til aktivitetar, som gocart, skyting, ballspel i hallen, mesternes mester, biljard, bordtennis, og konkurransen 0-100.

Dette er ei helg som betyr mykje for mange, og det er fantastisk kjekt å vere saman fleire generasjonar. I år var det mange ungdommar med, og vi har fått tilbakemeldingar på at dei også hadde det veldig bra.

Vi gler oss til neste Solgry-helg som er på same tid neste år.





Forbruk eller takksemd – tankar kring klima, forbruk og rettferd

Torsdag 31. oktober var det ny temakveld i kyrkja. Samme dagen hadde me besøk av ekstremveret «Jakob», som gav oss uhorveleg store nedbørsmengder på Vestlandet. Slik sett kunne kanskje ikkje ramma kring dette temaet vore «betre». Det var nok også noko av grunnen til at ikkje så mange hadde funne vegen til temakvelden, men vi som var der fekk høyra ein engasjert foredragshaldar med store kunnskapar. Vi fekk også med oss ein liten «orgelkonsert» med Jan Overweg før kveldens tema.

Anne Britt Tornes

Forbruk eller takksemd? Gunnar Kartveit stilte spørsmålet ved kva som er viktig her i livet, kva som gjev mest glede. Svaret kan vi vel alle vera enige i; gode relasjonar til dei vi har rundt oss, og det å oppleva vennskap og kjærleik. Å oppleva dette gjer at vi kan kjenna på takksemd. På den andre sida vil ikkje forbruk – eller det å stadig ynskja seg eller skaffa seg fleire nye «ting» – gjera at vi er garantert å verta tilfredse. Sidan dette stort sett gjev oss kortvarig glede, vil det føra til at vi ynskjer meir og meir – «vi blir sikkert meir fornøgde berre vi får den og den tingen».



Vårt forbruk er ei viktig årsak til ei stadig aukande natur- og miljøkrise. Det betyr at vi har eit stort personleg ansvar for å gjera noko. Gunnar Kartveit gjekk gjennom fleire område der våre val har innverknad. Spesielt drog han fram klesindustrien, som står for ein svært stor del av forbruket. Vi fekk sjå bileta frå Atacamaørkenen i Chile, også kalla «klesindustrien sin kyrkjegard», der store mengder av både nye og brukte klede havnar til slutt. Gjenbruk eller sirkulærøkonomi er ein viktig del av løysinga, og han var glad for den store framveksten av gjenbruksbutikker.

Som avslutning fekk vi høyra ballongvisa, ein barne-song med ein viktig budskap som handlar om kor sårbar jorda vår er. Slik er to av versa:

*For værda er ein ballong som vi sjøl må passe på
Å sjøl om vi er mange må vi dele
Det skjønner itte vaksne men det er en masse små
Som veit at ballonger bør være hele*

*Før ballonger er slike en lyt vara varsom med
Dåmm går så lett i sund om itte folk lar dom i fred
Å itte kan vel noen si at halvparten er min
No stikk je høl i ballongdelen din*

Maj Britt Andersen



Kyrkjebladet kjem ut 4-5 gonger i året og vert distribuert til alle husstandane i Fitjar. Bladet vert òg lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkjelyd; <https://kyrkja.no/fitjar>.

Utgiftene til trykking og distribusjon av bladet vert dekkja av gåver og annonseinntekter. Alt anna arbeid med bladet vert gjort av frivillige i kyrkjelyden.

Gåver til kyrkja på meir enn kr 500 pr. år gjev rett til skattefritak.

Takk for at du er med på støtta arbeidet i Fitjar kyrkje.

Du kan gje ei gåve til kyrkjebladet på:

Kontonr: 3546.29.05805 eller på Vipps: # 809255



Avtroppande prost i fri dressur gav oss

Ein munter kveld i kyrkja

Temakvelden i oktober var verkeleg av det festlege slaget. Då hadde temakveldgruppa henta inn avtroppande prost, Svein Arne Theodorsen, for å kåsere over emnet: «Humor i kyrkja». Han hadde tidlegare hatt dette emnet for seg i kulturkyrkja på Onarheim, og han kunne fortelja at han etter det hadde fått eit drøss invitasjonar om å repetera det andre stader. Han kunne ikkje (eller rettare sagt: han fekk ikkje lov av kona til å) sei ja til alle. Men me var altså av dei heldige. Og mange hadde kome for å høyra han, ikkje minst av sambygdingane hans frå Dåfjorden. Det kom tydeleg fram at han har glidd godt inn i bygda og miljøet der.

Herman I. Aadland

Låtten sat laust gjennom heile kvelden. Noko av det han serverte, var sjølvopplevd. Andre ting hadde han høyrte eller lese seg til. Og ein god del av stoffet knytte han til dei ulike ledda i gudstenesta og til dei kyrkjelege handlingane. Til syndsvedkjenninga serverte han ei søge om epleslang: Presten hengde opp plakaten i eplehagen sin med påskrifta: «Gud ser deg!» Dagen etter var det påført med barnehand: «Ja, men han sladrar ikkje!»

Til emnet dåpen fortalde han om då det var vasskrise i Nysæter kyrkje. Dei skulle ha dåp, men det fanst ikkje

vatn i kranane. Løysinga vart å rista mest mogeleg av kolsyra ut av ei flaske Bonaqua. Denne hendinga gjekk seinare landet rundt, ja heilt til Kina. Men då var vatnet blitt til Coca Cola.

Han var også innom feriebispe Fjertnes (Rolv Wesenlund) og takka han for den flotte humoren hans, og for at han hadde lært mange prestar av med pinlege talemåtar.

Det går ikkje an å referera heile kvelden. Men me som var der hadde det kjekt. Og dei som ikkje var der, må gjerne trega på det.

Theodorsen gav oss også eit par finurlige sørlandsviser til eige trekkspelakkompagnement. Der òg er han på heimebane!

Etter jublande applaus frå takksame tilhøyrarar fekk soknerådsformannen vår, Svein Lunde, ordet. Han hadde med seg avskilsgåve frå Fitjar kyrkjelyd: Eit smykke av ein tollekniv. Bladet var smidd i Sveio (siste staden prosten var med på visitas), og skaftet var av myreik (1000-5000 år gammal) frå Mehammar og brake frå Raunholm. Kniv og slire var vakkert forma på Raunholm. I tillegg fekk prosten med seg gode og varme takkeord til inspirasjon for vegen vidare.





4-årsvandring i kyrkja

28. september var det ein flott gjeng med 4-åringar som var samla i kyrkja for å sjå seg rundt i kyrkja før dei skulle få 4-årsbok på søndagen. Me starta med ei kort samling inne i kyrkja der me song nokre barnesongar før me byrja på vandringa. Dei var innom 5 ulike stasjonar.

Randi Lønning Matre

Ute på gravplassen fekk dei sjå i kyrkjegardshuset og prøvesitja dei store plenklypparane, og til slutt var det ein tur i hengaren på ATV'en.

Vidare får dei ein tur opp i klocketårnet for å sjå på klockene. Det er ein spennande tur i stige, med fin utsikt over bygda.

Så går turen inn til orgelet. Her får dei sjå, høyre og prøve.

Nede i kyrkjerommet ventar presten som viser dei alter, døypefont, preikestol og fine brurestolar.

Oppe på kyrkjestova får dei vere med på ein mini-søndagsskule, med song, bibelforteljing og fiske i fiskedammen.

Me avsluttar med å synge nokre av songane me syng i gudstene-sta dagen etter, og heilt tilslutt – bollar og saft.

Søndag møtte mange spente barn med familiane sine til ei fullsett kyrkje. Der fekk dei kvar sin barnebibel frå kyrkjelyden.

Tusen takk for samarbeidet – Fitjar søndagsskule og tysdagsklubben i Øvrebygda.





Utviding av gravplassen

Harald Rydland, kyrkjeverje

Som dei fleste sikkert har fått med seg, har me siste året arbeidd med planar for å få etablere omlag 150 nye kistegraver på kyrkjegarden. Å etablere gravplass krev gode planar laga av fagfolk som har greie på slikt. Saman med gode rådgjevarar har me no fått godkjent planane våre hos nasjonal gravplassmynde og andre instansar. I tillegg har arkeologar vore på staden og føreteke registreringar, men utan å finna noko av interesse.

Med god hjelp frå kommunen skal me no senda prosjektet ut på anbod og satsar på å komma i gong med arbeidet etter nyttår.



Lysmesse

Glimt frå lysmessa i Fitjar kyrkje
1. desember.

Foto: Ole Sandvik



JULEFEST



for små og store,
unge og eldre,
på Fitjar bedehus
søndag 29. desember kl. 16.00



Tradisjonell
julefest
med allsong,
andakt
v/Marit Tislavoll,
innslag
v/familien Orlov,
kaffi-mat,
kahoot
og juletregong.
Kollekt

**ALLE er
VELKOMNE !**

Arr.: Fitjar søndagsskule

JULEFEST



Fitjar bedehus

Søn. 5. jan. kl. 18.00



Desse deltek:

- Halvard Wiik
- Svein Arne Theodorsen
- Mimosa

Det blir snittar,
kringler, bord-
konkurranse og
kollekt



TRUSOPPLÆRING VÅREN 2025!!

«Med Jesus i båten»

Babysongkurs:

Samling på Fitjar bedehus anna kvar tysdag kl.10:30 – 12:00. Babyar (0-12 månader) saman med ein vaksen.

Songstund, og nistelunsj saman etterpå.

Datoar: 21/1, 4/2, 18/2, 4/3, 18/3, 1/4 og 29/4



Småbarnssong:

Samling ein onsdag i månaden kl. 17:30 – 18:30. 1-4 åringar saman med ein vaksen Songstund, bibelforteljing og nistekvelds.

Datoar: 5/2, 4/3, 2/4 og 24/4



Tårnagenthelg:

Utforsking og mysterieløysing på laurdag og familiegudsteneste med utdeling av bok på sundagen.

Datoar: 15/2 og 16/2



Påskesamling og Barabbas:

Samling onsdag ettermiddag kl. 17.00 for 6-åringar saman med ein vaksen. Song og bibelforteljing frå påsken, aktivitet og matbit.

Datoar: 26/3 og 6/4

BÅTEN:

Samling ved Storavatnet for 10- og 11- åringar med ulike aktivitetar.

Familiegudsteneste. Dato: 4/6 og 9/6

KRIK:

Ein landsomfattande organisasjon som ynskjer skape idrettsglede, trusglede og livsglede.

Samlast i FKIB fredagar kl. 19:30-20:30



Ten-treff:

Eit rusfritt tilbod på fredagskveldar for ungdom frå 8. klasse og oppover.

Samling på fredagar kl. 21:00-23:00 – Bli med i Facebook-gruppa

«Fredagskveld på Fitjar»

Datoar for KRIK og Tentreff blir lagt ut på facebookgruppa.

Me føl skuleruta.

Konfirmantar:

Samling i kyrkja annakvar veke fordelt i gruppe tysdag og onsdag og nokre felles kl. 14:15 – 15:45:

T: 28/1, 2/2, 11/2, 21/3, 25/3, 8/4, 23/4, 6/5, 7/5, konf.dag

O: 29/1, 2/2, 12/2, 21/3, 26/3, 8/4, 24/4, 6/5, 7/5, konf.dag

KONF
IRM
AN
20 ✨ 24

Vidare:

Samling for ungdom i kyrkja ein tysd. i månaden

kl. 19:30-21:00. Datoar: 28/1, 18/2, 25/3, 23/4

vidare!

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND

TLF: 52 49 73 07 / 52 49 73 09 www.rydland.as

ELON fagmøbler

Duo

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

Tlf. 53 49 79 72

FITJÅR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS

Kjærelvvegen 55

5419 Fitjar

www.leroyseafood.com

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter

Mobilnr: 951 89950

Stord
Begravelsesbyrå

Tlf. 53 41 64 05

Bakken
Fitjar Soknerådsbarnehage

Kontaktinfo:
Serina Sørfohn
902 27 978

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJÅR

Telefon 916 67961

WAAGE ANLEGG

www.waageanlegg.no

inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390

NBK
norges bygdekvinneforbund

Fitjar
Bygdekvinneforbund

Interflora

Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

FBS

FITJÅR BYGGESERVICE SA
BRØYTING - TREFELLING

TELF: 53 27 72 01 KARL ANDRÉ: 95 77 63 12

Kråko
Kråko Utvikling AS



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:

53 22 26 20 / 414 28 038

E-post:

post@krakogjestetun.no



OPPRINGSTIDER

Mån, tirs, fre: 9-16

Ons, tors: 9-18

Laur (kun drop-in): 10-13

Fiks frisyren
hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

www.gronavikjo.no

Vesthaugane

www.vesthaugane.no

Telefon: 91 82 41 58

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Engevik & Tislevoll a.s
MESTERHUS

Telefon: 53 45 73 00
E-post: post@engevik-tislevoll.no



AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - http://www.fitjarbaat.no



KVERNENES
BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639- baatbygg@kvernernesbaat.no



FOTTERAPEUT
med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907
Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18

Videoen
Kiosk



VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700

K.VOLDEN



Slekters gang

Døypete:

29.09.
Brynjar Korsvik Bukkøy

20.10.
Sara Håpnæs Valvik

27.10.
Ola Skumsnes

10.11.
Klara Sofie Agersborg Johansen
Fiona Sævdal Grimen
Filip Helland Torland
Vilde Oppedal Helland

17.11.
Noah Andersson Olsen
Mazie Kristiansen Hareide
Linus Nilsen Andersen

15.12.
Maja Nesbø Tranøy

Jordfeste:

Ingrid Henriksen
f. 17.06.1948 - d. 29.09.2024

Gudrun Tufteland
f. 09.12.1920 – d. 05.10.2024

Per Løtvedt
f. 21.10.1936 – d. 04.10.2024
(Store kapell, Årstad sokn)

Jorunn Marie Vestbøstad
f. 13.07.1935 – d. 21.10.2024

Siv Marita Helland
f. 30.03.1983 – d. 27.10.2024

Aud Tordis Strandnæs
f. 22.01 1930 – d. 19.11.2024

Himmelens Gave

David André Østby

*I flere hundre år lå en stillhet over jorden
Guds himmel syntes stengt
og vi lengtet etter svar
Profeter hadde sagt at en redning skulle komme
At Herren ville frigjøre sitt folk*

*Fra him'len til en stall ble en sønn,
en frelser, gitt oss
Hvem hadde kunnet tro at Guds løfte nå var her
Og som det var fortalt, fant de barnet i en krybbe
Vår verden skulle aldri mer bli lik*

Kor:

*Tilbe Jesus, him'lens gave
Han som kom til oss med fred
Ga oss liv i evighet
Tilbe Jesus, him'lens gave
Vi gir ære til hans underbare navn*

*Fra krybben til vår jord, og til hvert et tynget hjerte
Går et gledesbud om det barnet som ble født
At Gud ble en av oss, er for stort for oss å fatte
Og Han har tatt sin bolig inni oss*

Bro:

*Verdens redningsmann - Ære til Hans navn
Hyll Ham i høyden - Hyll Ham på jorden
Han er verdens lys - Gud til evig tid
Verdig all lov og pris*



Gudstenester

Dato	Kl.slett	X	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
22.12.	11:00	x	4. søndag i adventstida	Sven H. Nilsen	Kirkens SOS
24.12.	14:30	x	Julaftan	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
	16:00		Julaftan	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
25.12.	12:00	x	Juledag	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet, Mali
26.12.	19:00		2. Juledag/Ungd.gudst.	Olav J. Oma	
31.12.	23:00		Nyårsaftan	Olav J. Oma	Trusopplæringa
01.01.	12:00	x	Nyårsdag	Olav J. Oma	Sjømannskirken
05.01.	11:00	x	Kristi openberringsdag	Vikar	Fitjar Indremisjon
12.01.	11:00	x	2. s. i openberringstida	Olav J. Oma	Framnes, Lundanaset og Kongshaug VGS
19.01.	11:00		Familiegudsteneste	Olav J. Oma	Sunnhordlandsaksjonen NMS
26.01.	11:00	x	4. s.i openberringstida	Vikar	Stefanusalliansen
02.02.	11:00	x	5. s. i openberringstida	Vikar	Den Norske Israelsmisjon
09.02.	11:00	x	6. s. i openberringstida	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet, Mali
16.02.	11:00		Familiegudst./Tårnagent	Olav J. Oma	Det norske bibelsselskap
23.02.	11.00	x	Kristi forklåringsdag	Vikar	Bjørgvin si vennskapskyrkje, Cuba
02.03.	11.00	x	Fastelavnsøndag	Vikar	Kyrkjelydsarbeidet
09.03.	11.00	x	1. s. i fastetida	Olav J. Oma	Blå kors
16.03.	11.00		2. s. i fastetida	Vikar	Kyrkjelydsarbeidet
23.03.	11.00	x	Maria bodskapsdag	Olav J. Oma	Laget
30.03.	11.00	x	3. s. i fastetida	Vikar	Kyrkjelydsarbeidet
06.04.	11.00		Familiegudsteneste	Olav J. Oma	Kirkens nødhjelp - Fasteaksjonen

x - Overføring av gudstenesta på <https://www.kyrkja.no/fitjar>